



## Prosedyre for skjerpa aktivitetsplikt

### Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenker ein elev

**Tema:** Aktivitetsplikt ved kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald, rasisme eller utestenging

**Kven:** Alle tilsette

**Handling:** Alle som får kunnskap eller mistanke om at ein elev er utsett for krenkjande ord eller handlingar skal

- Varsle skulen si leiing snarast ved å informere rektor eller ansvarleg representant for leiinga om hendinga, og registrere ho på eige skjema. Skjema skal leverast til rektor eller ansvarleg representant for leiinga.
- Varsle skuleeigar snarast dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga.

Rektor skal:

- Undersøkje saka snarast, og om mogleg gripe inn og stoppe nemnde aktivitet
- Varsle skuleeigar snarast.